

# Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 7,2008



**Gratulerer Tove.** Før fotballsamlinga i 2002 var VRF ein klubb som stadig vekk fekk store oppslag i regionavisa. I dag, etter seks seongar med FK Sykkylven, er VRF redusert til ein parantes i sunnmørsfotballen. Siste to åra har klubben (til saman) vore omtala tre gonger i Sunnmørsposten. To av desse kan ein takke Tove Marie Tandstad for, VRF-dommaren som skal vere fjerdedommar under kvinnecupfinalen mellom Røa og Team Strømmen andre helga i november.

**Bengt og Ingjerd.** Medan FK Sykkylven for tida ”står i sjakk” på seniornivå, skal klubben ha ros for gode lag i J16 og G16 siste året. Og det er gledeleg å registrere at begge desse laga har storscorarar frå ærverdige VRF sitt nedslagsfelt i Bengt Hole Alnes og Ingjerd Weiberg Aurdal.

**Martine og Ellen.** Vi avsluttar fotballbolken med å nemne at bygda vår ikkje fekk med nokon på G15- kretsaget denne sesongen, men derimot to spelarar på J15-laget. Martine Torset og Ellen Marie Hole var sist helg på Bud og tapte i to kampar mot Romsdal/Nordmøre. For FKS må det vere eit tankekors av ein viss storleik at Martine spelar for Blindheim og Ellen for Stranda ☺.

**Snowboard i VIL?** Bente Hole har sendt skriv til VIL med ynskje om å blåse nytt liv i snowboardklubben med base på Fjellsætra, og leggje den under Velledalen idrottslag som ei undergruppe. Saka vert handsama i VIL-styret på neste styremøte.

**Kenneth i rute.** Kenneth Fet er godt i gang med førebuingane til ein ny skisesong. Sist sesong deltok han i barmarkssamling på Emblem, medan snøsamling på Gålå står for tur 19-23 november. Kenneth har elles testa forma i løypa for Konradløpet siste tida med oppløftande resultat. Til dagleg er han elev ved langrennslina på Stranda vidaregåande skule, skulen der Jon Hjortdal har fått ein ”flying start” som rektor, mellom anna fordi skulen har fått på plass lærarkrefter til ei storsatsing på alpinsporten til neste skuleår.

**Ullmax.** Sjølv om det har vore kaldt i vêret siste tida, treng ein ikkje fryse. VIL har no inne godt utval i Ullmaxklede for sal. Dette er framifrå gåver ved fødselsdagar eller til jul. Kontakt Elisabeth Urke Hjorthol tlf. 70 25 07 18 eller 990 01 433 - eller Atle Hole 70 25 07 49.

**Hilde på kretsaget.** Hilde Riksheim Tandstad, for tida skuleelev på Tingvoll, deltok sist helg i kretsagssamlinga som Møre og Romsdal friidrettskrets arrangerte i Tingvoll. Siste helga i november er det samling på heimlege trakter. Det vert det nemleg arrangert opa kretsagssamling i Sykkylven Storhall. Då er det å håpe at fleire enn Hilde stiller frå kommuna vår.

**Krattrydding.** Siste tida har det vore omfattande dugnadsaktivitet i skiløypenettet på Fjellsætra for å rydde unna kratt som veks opp i ekspressfart. Langrennsgruppa i VIL, og Svein Arne Nakken spesielt, har lagt ned eit stort antal timar. I tillegg har enkelte ”slengjarar” frå SIL delteke i dugnadsarbeidet. Skisesongen er neppe langt unna. Fjellsæterrunden vert i 2009 arrangert søndag 22. februar – vi berre nemner det.

**Trimpoeng.** Trimgruppeleiar Nils Terje Skylstad tel i desse dagar trimpoeng. Vi skal ikkje røpe nokon samanlagtvinarar her og no. For å skape litt blest om nettsida [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net), så legg vi ut resultatata der. Planen er å leggje ut ein trimpost kvar dag, og til slutt samanlagtresultatata. Så klikk deg inn på nettsida og klikk vidare til ”idrettslaget”. Fyrste dag søndag 2.november.

**FØRJULSMESSA** nærmar seg (22. og 23. november). Arrangementet som har eksistert i 15 år, og er for tida eit samarbeid mellom VRF og VIL. Vi ber om forståing for at dei fleste i begge laga må

kallast inn til innsats på ein eller annan front desse to dagane. Dette er eit av dei desidert største trivselsarrangementa vi har i nedslagsfeltet, og kven andre kan lokke med gratis inngang..??

**Rykta seier** at vi får eit langrenns-comeback av Kristian Moe denne sesongen. Og kven er det spør du..? Svar: Ein lettrena kar i sin beste alder som har bestetida av alle sykkyllvingar som nokon gong har gått Birkebeinerrennet.



Ungdomsbilete av Robin Urke  
Brunstad og Bengt Hole Alnes(t.h)



Hilde Riksheim Tandstad



Kenneth Fet i tet



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.